



Humørfyllt på skulebenken i Stockholm: Ved sidan av rektor Vidar Haugland sit prosjektansvarleg Ann Karlberg. Frå venstre bak sit Gunnbjørg Eik, Vigdis Haugland, Brit Jetland, Åse Neset, Marit Røssland, Rannveig Helleland, Odd Steinar Arnesen, Aslaug Hjelmeland og Bjørn Møyfrid Fredheim. Elisabeth Amundsen og Kari G. Svinth er ikkje med på biletet, som vart teke av Hilde Bringedal.

**Frå onsdag til laurdag i veka som gjekk – haustferieveka - var undervisningpersonalet ved skulen på studietur til Stockholm for å læra meir om mappevurdering. Det er eit system som blir stadig meir sentralt i undervisningsopplegget også i Uskedalen. Undarheim skule har vore i gang med det ei tid.**

- Dette er både eit undervisnings- og eit vurderingsopplegg for elevar og lærarar. Elevane har kvar si mappe der ting blir sett inn, Her starta vi med det for eit lite år sidan og då med nokre fag. I denne prøveperioden har alle gjort litt og prøvd det ut i ulik grad, fortel rektor Vidar Haugland til uskedalen.no. Opplegg og ide kjem frå Sverige og den skulen uskedalingane vitja må kallast ein pionerskule på området. Den heiter Älta og det er reine valfarten dit også av norske skulefolk som vil setja seg inn i opplegget. Også Undarheim har til dømes hatt ein delegasjon til Älta.

13 av 17 frå Uskedalen-skulen var med på studieturen, som vart finansiert av ei prosjektløyving frå kommunen på 42.000 kroner og ein eigenandel på 1.000 kroner frå kvar deltakar. Dette er så vidt Haugland kjenner til første gong Uskedalen-lærarane har vore på ein slik studietur til utlandet.

I Stockholm fekk Uskedalen-delegasjonen først ein tre timar lang orientering på hotellet om prinsipp og teoretisk basis for mappevurderinga. Den hadde Ann Karlberg, som er prosjektansvarleg ved Älta. Dagen etter var uskedalingane fire timar på skulen. Dei fekk høve til å snakka med lærarar og elevar som viste fram mappene sine og fortalte om korleis systemet fungerer i praksis. Det var sjølvstøtt svært viktig at uskedalingane fekk demonstrert systemet i full bruk.

Etterpå var det gruppediskusjon om det dei hadde lært og om korleis dei kan dra nytte av lærdommen i Uskedalen.

- Korleis vart eigentleg utbyttet?

- Alle lærte noko og fekk altså oppleva korleis systemet fungerer i praksis. Og lærdommen vil vi naturleg nok nytta til å gjera visse justeringar i opplegget vårt, svarar Haugland.

Det vart og tid til sosialt samvær og ei kulturoppleving i Stockholm – ei teaterframvisning av høg klasse.

- Ein slik tur er verdfull frå fleire synsstader, Ikkje berre får vi felles fagopplæring, vi opplever også at samhaldet i personalet blir styrkt. Stockholm-turen var miljøskapande i høgste grad, seier rektor Haugland.

Av Ola Matti Mathisen